Norges Skiforbund
Sogn og Fjordane Skikrins

Protokoll

Kva:	Møte nr. 07 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Torsdag 2. juli kl. 20.00 – 22.00
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 60 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 61 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 06 25-27 i Langrennskomitéen ORIENTERINGSSAKER - Sommarskiskulen - Reisebestilling - Endring i startkontingent/deltakaravgift - Sesonginformasjon DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 62 25-27 Oppstart av arbeid med terminliste og aktivitetskalender SAK 63 25-27 SSF-cup premiar SAK 64 25-27 Sponsoravtalar SAK 65 25-27 Reisefordeling føregåande sesong EVENTUELT Meldast inn under godkjenning av innkalling og sakliste.
Innkalling til:	Erik Brenne, Ellen E. Blom, André Haugsbø, Reidun Smørdal Hjelle, Torstein Bolstad Blikra
Forfall:	Eline Orheim
Referent:	Bodil Ryste, dagleg leiar Sogn og Fjordane skikrins

SAK 60 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn
Innkalling med sakliste og vedlegg vart sendt ut tysdag 30.6.26

Vedtak:
Langrennskomitéen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 61 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 06 25-27.

Bakgrunn
Protokoll nr. 06 25-27 frå langrennskomiteen lagt ved møteinnkallinga.

Vedtak:
Langrennskomitéen godkjenner protokoll nr. 06 25-27.

ORIENTERINGSSAKER

- Orientering frå Sognefjellet Sommarskiskule
  - Evalueringspunkt lagt til som vedlegg til protokollen
- Orientering om reisebestilling for komande sesong
  - Oppfølging: Dagleg leiar forhøyrer seg med Hordaland skikrets om mogleg felles bestilling av reiseopplegg til Norgescup junior
- Orientering om endring startkontingent/deltakaravgift
- Orientering sesonginformasjon NSF. Frist for tilbakemelding er 15. august.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 62 25-27 Oppstart av arbeid med terminliste og aktivitetskalender

Bakgrunn:
Utkast til terminliste, basert på terminlista sine hovudpunkt frå Skiforbundet er lagt ved. Dokument med oversikt på planlagte miljøsamlingar er også lagt ved.

Vedtak:

- Dagleg leiar oppdaterer utkast til terminliste med endringar som vart drøfta i møtet, og sender ut det nye utkastet som vedlegg til protokollen. Terminliste takast opp igjen på møte i august, og vidare plan er å invitere laga til digitalt terminlistemøte i september før ein vedtek terminlista på Haustmøtet 31. oktober.
- Dagleg leiar jobbar vidare med plan på miljøsamlingar, og deler dokumentet med alpin, hopp- og kombinertkomiteen. Dagleg leiar forhøyrer seg konkret med IL Syril om deira plan for samling, og jobbar for å få til ei felles basis-samling på tvers av greinene i samband med Haustmøtet 31. oktober.

SAK 63 25-27 Gamle SSF-cup premiar

Bakgrunn:
Det er innhenta pris på klistrelappar til å lime over feltet der det står plassering/årstal. Klistrelappar kostar kr. 2,50 per stk og oppstartskostnad på kr. 750,- (prisar eks.moms). Minstebestilling er 100 stk. Behaldning på premiar er 53 premiar ulik valør med ny sponsorlogo. 162 premiar av ulik valør gammal sponsorlogo.

Vedtak:
Dagleg leiar tingar 100 stk klistrelappar for å prøve ut å lime på glaspremiar for gjenbruk.

SAK 64 25-27 Sponsoravtalar

Bakgrunn:
Sogn og Fjordane Energi
Avtalen er gått ut og er i reforhandling. Det er klart at SFE reduserer avtalens omfang frå kr. 70 000 til kr. 60 000. Fordelinga internt i Skikrinsen har vore 70 % til hopp/kombinert (kr. 49 000) og 30 % til langrenn (kr. 21 000). Dagleg leiar gjennomgår avtalepunkta i møtet.

Sparebank1 Sogn og Fjordane
Avtalen går til 31.12.2026 og er langrenn sin hovudsponsor. Dagleg leiar gjennomgår hovudtrekka i noverande avtale og vi drøftar framdriftsplan for ny avtale i møtet.

Intersport Erdal Sport
Avtalen er gått ut, men rabatten blir likevel praktisert. Dagleg leiar har kontakta butikken for formell fornying av avtalen.

Vedtak:
Langrennskomitéen tar saka til orientering, men har nokre oppfølgingspunkt:

- Ynskjer at intern fordeling av SFE-midlane vert vedtatt i styremøte. LK ynskjer primært å halde fram med intern fordeling med 70 % til hopp/kombinert og 30 % til langrenn (70/30), men kan gå med på ei justering til 75/25.
- Innspel til avtalen med SFE er:
  - halde på punkt om logo/bannerflagg på krinscup og breiddesamlingar, samt framhald med logo på krinsbekledning.
  - legge til rette for hoppaktivitet der det er mogleg når det er langrennsarrangement (t.d. Langeland og Hafslo?)
- Dagleg leiar tek initiativ til dialog med Sparebank1 i høve vidareføring av avtalen for ny periode.
- Dagleg leiar følger opp avtalen med Intersport Erdal Sport, og oppdaterer LK på kva som ligg i avtalen.

SAK 65 25-27 Reisefordeling sesongen 2026

Bakgrunn:
Ved påmelding til Hovudlandsrennet, Norgescup junior og NM junior betalar den enkelte inn ein spesifikk sum til reisefordeling per påmelding. Til dømes på Hovudlandsrennet betalte ein kr. 150,- i tillegg til startkontingent per løp. Dette blir då gjennomgått av Skiforbundet og reisefordelinga per utøvar blir utrekna etter ein fordelingsnøkkel. Skikrinsen får utbetalt totalsummen for reisefordeling etter gjennomførte skirenn. Tidlegare praksis har vore å trekkje reisefordelingssummen frå på faktura som blir sendt ut for felles overnatting, men dette har ikkje vore gjort i år med unntak av to utøvarar som har fått reisefordelinga i fråtrekk på faktura frå Beitostølen.

Dagleg leiar gjennomgår forslag til utbetaling av reisefordeling i møtet.

Vedtak:
LK ber dagleg leiar betale ut reisefordelinga for vinter 2026 til klubbane, og med informasjon til klubbane om kva utøvarar og kva sum det gjeld. Framtidig modell for tilbakebetaling av reisefordeling må takast opp igjen i framkant av sesongen 26-27.

EVENTUELT

Det vart ikkje teke opp som vedtakssaker, men LK drøfta nokre punkt som må følgjast opp:

- Evaluerings- og planleggingsmøte med krinslagstrenar før haustsesongen. Dagleg leiar kallar inn i samråd med leiar i LK.
- Innspel om «Sogn og Fjordane skikrins-vest» til utøvarar frå 13 år og eldre som deltar på til dømes Ungdommens Holmenkollrenn og Hovudlandsrennet. Felles vest med Sogn og Fjordane på ryggen kan skape tilhøyrsle og lagkjensle. Dagleg leiar kan innhente pris frå Trimtex i samband med arbeidet med krinslagskle. Ein slik vest kan også sjåast opp mot sak 65 – profilering for sponsor.
- Dagleg leiar informerer ut om at fleire klubbar samlar seg om siste helg i november med klubb-/miljøsamling på Beitostølen. Organisert av klubb, men open info dersom andre vil delta der.

Neste møte i langrennskomiteen: 13. august kl. 20.00-21.30.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Bodil Ryste

Erik Brenne (s.)
Leiar LK

Bodil Ryste
Dagleg leiar